

God stemning og nøyde festivalgjester.

28.06.2019



Publikumstilstrøyminga kunne vore betre, men fram møte er om lag slik fredagen var i fjor.

Ein stemningsrapport frå festivalområde mellom kl. 22 og kl. 23 fredag kveld fortel oss at fram møte er om lag slik det var på fredagen i fjor. Det sig på med folk og mange har kjøpt helgepass for å sikra seg inngang laurdagen. Det er god stemning og festivalleinga har berre gode tilbakemeldingar om arrangementet og den tekniske gjennomføringa så langt. Alle frivillige er på plassane sine.

Politiet har to mann inne på område heile tida. I tillegg køyrer to mann patrulje og vil vera på plassen innan kort tid om det trengst. Knut Olav Myklebust frå Politiet er godt nøygd med publikum og den praktiske organiseringa. Det er alltid nyttig for Politiet å møta menneske i ein slik samanheng. Politiet kjenner arrangøren godt, det same med Kystvakta.



Kvelertak er på scenen, fotografert gjennom lyd- og mixeteltet.

Ivar Berge-Soldal frå Røde Kors fortel til Uskedalen.no at det er sju mann på plass. Deira oppgåver er helst å ta seg av mindre skader. Staben frå Røde Kors vert forsterka med to soldatar frå Kystvakta ut på kvelden og natta.

Marius Mathisen er Uskedalen.no sin musikkannemeldar. Han skriv ei vurdering frå kvar gruppe/konsert. Musikkritikken vert publisert i eigne innlegg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Glade festivalgjester med Ulvanoso i bakgrunnen.